

U. B. BERGEN

16.II.24

Ms. 1568 I B - 8

Nr. 10.

G.J.A.L.L / R.HORN.

5 september 1942

Paroler og praksis.

Pa alle områder merker vi i den seinere tid større aktivitet og vilje til motstand i alle lag av folket. Dette verker stimulerende både på dei som har vore med i frihetsarbeidet før, og på dei som nå er blitt dregne med i arbeidet. Men framleis er det altfor mange som tar dei parolene som blir gitt, altfor lettvint, og konstruerer opp vanskår som ikkje eksisterer, for å løkke unna ansvaret, - trur dei. Nye innkallingar til A.T. foregår, og det er framleis mange som møter. Ofte møter ein foreldre som utan skam fortel at gutten eller gjenta nyss er rist dit og dit i arbeidstjeneste. Dei såg ingen annan utvei, segjer dei, og så ser det ikkje ut for å vera så forløg, som dei segjør fra London, o.s.v. Most gjeld dette gjentene til A.T.

Det er rett nok at det har vore vanskår med å få den organiserte hjelpe for alle som har vorte raka av forordningene, men har ligg hjelpe som oftast nær for handa. Med initiativ fra foreldre, systkir eller vner, er det alltid rad å få fåt på folk som kan gjøre rettleiing om organisatorisk hjelpe. Här kan ein ikkje vente at dei som tek seg av dei utskrevne, skal møte fram på huset for å ba seg av dei. Viser dei ikkje sjøl initiativ for å få kontakt, har ein heller ikkje nokon garanti for at dei er sovleitande. At dei ansvarlege kan ta seg av dei. Sikre garantier at det er pålitelig godt folk, er eit absolutt krav.

Når det gjeld dei parolene som er blitt gitt, er det nedsynt å regne litt for dei som enna ikkje forstår alvorlet: Engdomen møter til A.T.-innkalling, korkje gut eller gjente. Engdomen viser frivillig som arbeidsmobilisert. Alle skal nektast å vera med å skrive ut, eller soke etter dei som nekter A.T. eller Arbeidsinnsats. Alle stillinger eller arbeidslassar som tyskerne eller N.S. vil skrive ut arbeidskraft til s.k. 1 blokkert.

Dei foreldre som lar barna sine møtte fram til A.T. eller arbeidsinnsats, eller lar dei på annen måte fylge forordningane fra fienden, må vera klar over det ansvaret dei påtar seg. Dei ungdomar som møter fram, eller unnslår seg fra å stå solidariske med dei som nekter, far eit merke på seg om dei seinere i livet aldri kan vaska av seg. Det å ha vore i A.T. eller arbeidsmobilisert i dei årsklassene som parolen om boykott gjeld, vil alltid era ein attest for slett samfunnsand seinere i livet. Her skal foreldra era klar over det ansvaret dei har overfor barna sine, slik at dei ikkje er med å gjere framtidane flekkete. Likesåla både overfor dei unge, som mot landet vil hemna seg for eller seinere. Det er næin legg grunnen for ein betre samfunnmoral, for ei betre tid. Den kan ikkje bygge på sjølradig egosme og likesåla overfor andre landsmenn, men på solidaritet og skapende initiativ. Her ligg innhaldet i det som ~~vi~~ vil verte eit levedyktig demokrati.

Mange som har vore i dekning sidan parolen om boykott kom, snakker om å vende tilbake fordi dei meinar resikoen er mindre for å bli tatt. Dette er ikkje tilfella. Elles skal ein vera merksam på at parolen om boykott av A.T. og arbeidsinnsats tar ikkje bare sikt, men børge den eine kilde fra å falle i fiendens klør, men å hindre at ungdomane blir soldater i arbeidshjelp for fiendens krigsinnsats, å sjå til at dei gjer sin innsats på den rette sida i kampen, - å oppdra ungdomen til å tenkje medveten om sin eigen og landet sin stilling, seg sjøl til at innsatsen for friheten er størst mogleg, - å halde arbeidskraft og soldater klar til den avgjorande innsatsen. Glöym aldri dette. Ikkje berre for di eigen del føl du alle dei arolanane som vert sende ut om motstanden mot fienden, men for dine andre landsmenn og for landet si framtid. Glöym ikkje også som har gjort den største innsats, som har latt livet sitt i kampen, som set i fengsel eller konsentrationsleir. Glöym ikkje noko av det som har hendt under krigen. Et skal hjelpe deg til seinare å velja veien framover til større lukke for landet og folket som bur her.

Hausten må bergast for folket.

Nå når det løper mot slutten av krigen, vil tyskerne freiste på å rask med seg det meste av haustrøda. Det vert derfor lite å få for sivilfolket. Kjøt har i fleire år vore ei sjeldsynt vare i byhusholdningane. Det folket har drygt maten med har vore poteter. Nå står vi midt i hardeste potetsezon, og likevel er storparten av huslydane i byane uten poteter. Det er tyskerne som forsyner seg av potethausten, og sivilfolket får svelta. Herre folket skal nå ta med seg avskilsmiddagen.

Dette må dei ikke få høve til. Vi må syta for at dei vonder så tomhendte ut av landet som råder. Og vi kan makte det dersom vi står samlt. Det må skapast ein ubrytande solidaritet mellom by og land for å berge mathausten for folket. Serleg må ein nata sikte på å syta for at potetene ikkje går til tyskerne, men kjem på rette hender. I praksis kan vi her få gjort eit nasjonalt arbeid av største verdi for å sveise folket saman i kamp for sine eigne interesser. Det berger ikkje berre folket for matnauð, men styrkjer samkjønsa og stimulerer ein aktiv innstilling hos folket. Her må det ikkje finnast svikt hos nokon. Den som sel frivillig til tyskerne må noterast opp. Han skal snart få betaling for alle varer han har selt til dei, - av dei rette!

Alle tvangleveringar til tyskerne må halast ut og saboterast. Ein må nyttja alle vegar for å sleppa unna levering. Alle leveringar som ein veit går til sivilfolket, skal effektuerast straks. Idag er det böndane skal få høve til å syna si nasjonalkjønsle, slik som andre yrkesgrupper. Hør har synt si. Ingen svikt i rekjkjene må syna seg.

Haustrøda 1944 ut av klørne på tyskerne: ~~xxxix~~

Krigsnytt.

I vest er frigjeringa av Frankrike snart ferdig. Den organiserte motstand av tyske tropper på fransk jord er slutt. Etter erobringd av Paris, vende de allierte styrkane mot nord, mot kanalkysten og Belgia. For to dagar siden gjekk dei over den belgiske grensa, og tok hovudstaden Bryssel igår. Dei st 15 km. fra Antwerpen. I sydfrankrike har amerikanerne gått over den fransk-italienske grensa. På midtfronten står dei nær opp til Siegfriedlinja. Slaget om Frankrike har vore eit sammahengande nedårlag for tyskerne.

I Italia har dei allierte brote gjennom dei tyske forsvarslinene, og rykker nedover mot Posletta.

I Jugoslavia har Titos styrker gått over til offensiven i samband med den russiske framstøyten gjennom Romania. Alle jernbanelinjer som tyskerne kunne nyttja for å trekke troppe fra Balkan nordover, er avskorne.

Ved grensa av Bulgaria står store russiske styrker oppmarsjert. Russane rykker nå vidare fram langs Donau mot nordvest. For to dagar siden tok dei grensebyen mellom Jugoslavia, Romania og Bulgaria. Kampane i Transsilvania fortset. Her er det romanske tropper som kjemper mot ungarene. Balkan er så og seie heilt ut av hendingene på tyskerne. Sluttkløppen arter seg som vill oppløysing i den tyske herleiinga. På alle frontane velter nedårlaget innover dei tyske styrkane. Det er berre hos Goebbels at vona om V2 held motet oppe.

Kampane i Varsjava held fram. Det er teikn på at russane lagar seg til m3d eit frontalangrep mot byen. Elle scr det ut for at oppstanden i Varsjava har utvikla seg til ei tragedie, då det har vore politiske interesser som har lege som motiv for motstanden. Etter dei siste meldingane scr det likevel slik ut at dei politiske motsetningane mellom polakkane innbyrdes held på å verte løyste. (Vi vil i næste nummer av Gjellarhorn komme med ei utgreiing om dette spørsmålet.)

Den største hendinga på krigsfrontane denne veka var at Finnland har fylgd veien til Romania og Bulgaria, og kapitulert. Det har lenge vore tale om at finnane skulle dra seg ut av krigen, men det drog ut. Den 3 sept. kom det enedleg melding om at Finnland hadde brote det diplomatiske sambandet med Tyskland, og den 4 sept. kl 8 vart kampane mellom russere og finner innstilt etter ordre fra president Mannerheim. Nå når Finnland har kapitulert er det berre Ungarn som framleis står saman med Tyskland i nederlag.

Alt yder på at krigen ikkje vil verte av lang varighet nå.